

# Doktor = lege?

Kan legen Kari Nordmann titulere seg som dr. Kari Nordmann, sjølv om ho ikkje har doktorgrad?

Vi skriv til dykk som to tittelforvirra medisinistudentar. Vi har sett at ordet «doktor» i kvardagstale blir brukt synonymt med «lege», altså graden cand.med. I ordboka står det at «lege» er ei av tydingane av «doktor». Samtidig er tittelen «dr.» ofte reservert for dei som har tatt doktorgraden (utan at dei treng å vere cand.med.). Det er likevel ikkje uvanleg at legar titulere seg med «dr.», sjølv om dei ikkje har tatt doktorgraden. Før hadde vi jo graden «dr.med.» for legane som tok doktorgrad, men denne graden blir ikkje gitt ut lenger. Vi lurar derfor på følgjande: Kan legen Kari Nordmann titulere seg som dr. Kari Nordmann, sjølv om ho ikkje har doktorgrad?

Internasjonalt har vi også graden M.D., som er kort for «Medicinae Doctor», og som svarar til den norske cand.med. Etymologisk er den til å forveksle med graden dr.med. Er det riktig av norskutdanna legar å bruke M.D. når vi kommuniserer internasjonalt? Bør vi ikkje heller bruke cand.med. då også?

I kvardagen ser vi jo at det sjeldan er forvirring om dette. Det er sjeldan pasientar tolkar «doktor» til å bety doktorgrad, og det er sjeldan doktorgradshaldarar ved ein feil blir tatt for å ha medisinsk utdanning (etter det vi kjenner til). Vi tykte likevel at dette var såpass interessante spørsmål at vi ville forhøyre oss med dykk.

**Torfinn Madssen**  
torfinnmadssen@gmail.com  
**Marius Tufte**


Torfinn Støve Madssen (f. 1993) er medisinistudent ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Marius Tufte (f. 1991) er turnuslege ved Akershus universitetssykehus.

**Erlend Hem svarar:**

Torfinn Støve Madssen & Marius Tufte spør om to ting. Svaret på baa er ja.

Ein lege kan kalle seg doktor sjølv om han ikkje har doktorgrad. Grunnen er at doktor på norsk har to tydingar – anten er det ein lege eller så er det ein person som har fått doktorgraden etter doktordisputas eller som heidersutmerking (æresdoktor) (1). For språk-



**Figur 1** Frekvensen av orda «lege» og «doktor» i norske bøker. Gjennom første halvdel av 1900-talet var doktor meir brukt enn lege, men frå slutten av 1950-åra snudde det. Frå den tid har lege vore meir brukt enn doktor (4)

lege ordensmenneske kan det nok synest rotete at eit ord har fleire tydingar, men som språkbrukarar meistrar vi det godt. På engelsk hender det at ein skriv *medical* føre *doctor*, altså *medical doctor*, for å skilje det frå andre doktorar, men det gjer vi ikkje i norsk.

Støve Madssen & Tufte spør også om det er rett av norskutdanna legar å bruke M.D. når vi skriv engelsk. Sjølv om medisinutdanningane i dei fleste land er nasjonale og difor skil seg meir eller mindre frå medisinutdanninga i andre land, er det for praktiske føremål ei akseptabel tilnærming å titulere alle legar med tittelen M.D. På same måten kan både norsk dr.med.-grad og norsk ph.d.-grad omsetjast til Ph.D. Norske legar med doktorgrad kan såleis bruke både M.D. og Ph.D. – etter namnet sitt, ikkje foran.

Men kvifor kallar ein eigentleg legar for doktorar? Doktor kjem frå det latinske ordet *doctor*, som tyder lærar, som igjen er avleidd av *docere* (lære, undervise). Opphavleg var *doctor* ein tittel på lærde menn (2). Det er lett å tenkje seg at dei som kunne mykje, også kunne lære bort, men det hadde ikkje noko med medisin å gjere. Det eldste eksemplet i *Oxford English Dictionary* er frå 1303, då det vart brukt om «Doctors of the Church» – det var kyrkjefedrar kjende for stor visdom (3). Etter kvart vart det nytta

også om menn med den høgste akademiske graden. Kvifor det med tida vart så sterkt knytt til legar, har eg ikkje heilt klart å finne ut av.

Kan hende har det tvitydige i doktor gjort at mange nå for tida heller nyttar ordet lege. Gjennom første halvdel av 1900-talet var doktor meir brukt enn lege, men frå slutten av 1950-åra snudde det, ifølge eit søk i det digitale Nasjonalbiblioteket (fig 1). Frå den tid har lege vore meir brukt enn doktor i norsk (4).

**Erlend Hem**  
erlend.hem@medisin.uio.no

Erlend Hem (f. 1970) er lege, dr.med. og redaktør for språkspalta i Tidsskriftet.

## Litteratur

1. Braut GS. (13.2.2009). Doktor. I: Store medisinske leksikon. <https://sml.sn.no/doktor> [4.8.2016].
2. Haubrich WS. Medical meanings: a glossary of word origins. 2. utg. Philadelphia, PA: American College of Physicians, 2003: 44, 189.
3. Doctor. I: Oxford English Dictionary. [www.oed.com/view/Entry/56298](http://www.oed.com/view/Entry/56298) [4.8.2016].
4. Lege, doktor. I: NB N-gram beta. Nasjonalbiblioteket. [www.nb.no/sp\\_tjenester/beta/ngram\\_1/#ngram/query?terms=lege%2C+doktor](http://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/#ngram/query?terms=lege%2C+doktor) [4.8.2016].